

FORELDREINFO MAI 2025

FAU/SU

Bra foredrag på årsmøtet 22.mai, kor me fekk høyra Line Marie Warholm fortelja om kor viktig det er å gjera born robuste til å takla kvardagen.

Hildegunn Gjedrem sa ja til å fortsette som FAU leder neste skuleår, noko me er svært glade for.



Bjerkreim skule
SAMAN FOR MEISTRING
trygg · aktiv · læring

TL



Arrangerer fotballturnering for alle som vil bli med, da er det utrolig kjekt at over halvparten av elevane vel å delta.

Bjerkreimverden

Nå kan du sjå endringar dag for dag. I mai har dei lagt asfalt, og fleire av leikeapparata er montert. Akkurat nå held dei på å montera hinderløypa. Det neste blir klatretårnet og slackline, før dei går i gang med fallgummi og sand rundt leikeapparata og tartandekke på løpebanen.



Hei!

Då var mai kommen til ein ende, og eg er klar til å gå ut i permisjon. Frå 1.juni og ut neste skuleår kjem Charlotte Gunvaldsen til å fungera som rektor. Ta kontakt med henne eller Marianne H. Solberg om det er noko de lurar på eller treng hjelp med.

Mai har vore ein flott månad med godt ver og mange kjekke aktivitetar. 5.-7.trinn avsluttar mai med tur til Trolljeger i Sandnes kor dei får testa seg i samarbeid og møter utfordringar og meistring saman.

Elles i mai har me hatt opning av sykkel- og gåløypar kor alle trinn var ute og hadde ulike øvingar for å bli meir beviste på korleis me ferdast trygt i trafikken. Politikontakt Jon Uleberg var med og hadde opplegg saman med 4.trinn.

Me er så heldige og har Gjedrems bigard som nabo, og kvart år inviterer dei 3.trinn heim for å få sjå korleis biene arbeider og lagar honning, noko elevane syns er kjempe spennande.

Ønsker alle ei god langhelg!

Mvh **Karen M. Ollestad**

Rektor

